



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
53/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.05.2022
58/2022	Kommunestyret	PS	14.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Atle Fasteland	FE-203, FA-Q10	21/1179

DELVIS BOMPENGEFINANSIERING AV E16 ARNA-STANGHELLE

Vedlegg:

Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering av E16 Arna - Stanghelle til endeleg lokalpolitisk behandling

Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering av E16 Arna-Stanghelle.PDF

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune sluttar seg til bompengefinansiering av E16 Arne- Stanghelle, som tilrådd i det faglege grunnlaget av 29.04.2022 frå Statens vegvesen, med revidert vedtakspunkt 10 og nytt vedtakspunkt 18.

1. Vaksdal kommune sluttar seg til at utbygginga av E16 Arna-Stanghelle i Bergen og Vaksdal kommunar blir delfinansierast med bompengar slik det er føreslege i fagleg grunnlag frå Statens vegvesen.
2. Det blir førebels lagt til grunn 14 827 mill. 2021-kr i styringsramme og 17 163 mill. 2021-kr i kostnadsramme for E16 Arna - Stanghelle. Endeleg rammer blir fastsett etter ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet.
3. I tråd med føresetnadane i Nasjonal transportplan 2022-2033 blir det lagt til grunn at staten bidreg med totalt 11 667 mill. 2021-kr til E16 Arna – Stanghelle inkludert reguleringsplankostnadane.
4. Bompengebidraget er førebels rekna til 3 160 mill. 2021-kr til vegprosjektet.
5. Det er førebels lagt til grunn at utbygginga skjer i åra 2023-2033 med prosjektering i 2023 og anleggstart i 2024.
6. Det er lagt til grunn at bompengeinnkrevjinga startar når vegprosjektet opnar for trafikk på kvar enkelt delstrekning. Det er lagt opp til ein innkrevjingsperiode på 15 år i kvar enkelt bomstasjon.

7. Det blir lagt til grunn innkreving av bompengar i begge retningar i totalt seks automatiske bomstasjonar plassert i kvar ny tunnel på ny veg og på sideveg. Namn på bomstasjonar og plassering er som følger:

- Tunesfjelltunnelen - plasserast i ny tunnel mellom Arna og Trengereid
- Kvernhusvika – plasserast på sideveg mellom Arna og Osterøybrua mellom Romslotunnelen og Risnestunnelen (koordinatar 60.423475, 5.507028)
- Raudnipatunnelen – plasserast i ny tunnel mellom Trengereid og Vaksdal
- Rødberg – plasserast på kommunegrensa på sideveg mellom Trengereid og Vaksdal ved Rødberg aust for busstopp (60.439421, 5.634242)
- Berrfjelltunnelen – plasserast i ny tunnel mellom Vaksdal og Stanghelle (Helle)
- Skreidi nord – plasserast på sideveg mellom Vaksdal og Stanghelle nord for Skreidi (koordinatar 60.498228, 5.732406)

8. Det blir lagt til grunn at bompengeselskapet kan søke om å sette opp bomstasjon på kommunal veg mellom Osterøybrua og Trengereid etter at innkrevinga er starta, dersom det blir naudsynt for økonomien i prosjektet.

9. Vaksdal kommune sluttar seg til ei gjennomsnittleg inntekt per passering (gjennomsnittstakst) for dette bompenggeopplegget på mellom 42 og 49 2021-kr. Det er føresett at gjennomsnittstaksten blir justert i samsvar med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin Byggekostnadsindeks for veganlegg til og med opning av vegen, og deretter med Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeksen (KPI).

10. Det er i berekningane lagt til grunn at grunntakst på sideveg for takstgruppe 1 skal vere 70 prosent av grunntakst for takstgruppe 1 på ny veg. Vaksdal kommune er uroa over usikkerheit i fordeling av trafikantar mellom ny veg og sideveg, og ønsker at bompengeselskapet kan få ein fleksibilitet i grunntakstar for takstgruppe 1 på sideveg mellom 50-90 prosent av grunntakstar på ny veg dersom trafikken fordelar seg annleis enn berekna. Takstgruppe 2 skal betale den same taksten på ny veg og sideveg.

11. Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2.

12. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 får 50 prosent rabatt av taksten for takstgruppe 1 etter fråtrekk av brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 får 100 prosent rabatt.

13. Det blir lagt til grunn eit passeringstak på 60 passeringar i månaden i kvar enkelt bomstasjon på ny veg og sideveg for takstgruppe 1.

14. Det blir lagt til grunn timesregel i kvar enkelt bomstasjon på sideveg for takstgruppe 1. Trafikantane skal berre betale for ei passering i same bomstasjon innafor ein time.

15. Alle rabattordningar føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

16. Med føreslege takst- og rabattsystem for bompenggeopplegget bereknar ein følgjande grunntakstar i kvar bomstasjon i 2021-kr:

- 56 - 65 kr for takstgruppe 1 på ny veg
- 39 – 46 kr for takstgruppe 1 på sideveg

- 112 – 135 kr for takstgruppe 2 både på ny veg og sideveg

17. Kostnadsauke utover prisstigninga opp til kostnadsramma for prosjektet skal dekkjast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Endelege rammer for vegprosjektet blir fastsett i stortingsproposisjonen for prosjektet.

Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er staten sitt ansvar. På same måte skal eventuell kostnadsreduksjon på inntil 10 prosent av styringsramma fordelast mellom bompengar og statlege midlar etter same prosentvise fordeling som for styringsramma. Kostnadsreduksjon ut over 10 prosent blir godskriven staten.

18. Vaksdal kommune er uroa over takstnivået i prosjektet og samla bompengebelastning i området. Vi ber om at staten tek delar av meirkostnaden for E16 Arna – Stanghelle, og at det blir lagt til grunn ei lik prosentvis fordeling mellom statlege midlar og bompengedrag som i NTP 2022-2033.

Korrigering av skrivefeil i vedtakspunkt, jf. referatsak 54/2022.4, brev frå Statens vegvesen, datert 03.06.22:

"Det står at Kvernhusvika bomstasjon skal plasserast mellom Arna og Osterøybrua. Dette stemmer ikkje. Det skal stå Osterøybrua og Trengereid."

Dei ber om at vedtakspunkt 7, andre kulepunkt vert endra til:

- Kvernhusvika – plasserast på sideveg mellom Osterøybrua og Trengereid mellom Romslo tunnelen og Risnestunnelen (koordinatar 60.423475, 5.507028)

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 53/2022

FPØ - Behandling:

Ordførar innleia i saka.

Boris Groth ba om at følgjande merknad vart registrert:

Protokollmerknad:

Vaksdal FrP beklagar at FrP dessverre ikkje fekk fleirtal for sin alternative Nasjonal transportplan i Stortinget, då denne var utarbeida utan bruk av bompengar for å finansiere vegprosjekt i planen.

Dermed er me i dag i denne saka tvinga til å ta stilling til ein delvis bompengefinansiering av ny E16 Arna-Stanghelle i K5 prosjektet, for å sikre at prosjektet vert realisert snarast råd. Primært meiner me det burde vore unødvendig å nytte bompengar til å finansiere viktig infrastruktur i landet, og at prosjektet burde vore fullfinansiert av Staten.

Kommunedirektør Atle Fasteland orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Vaksdal kommune sluttar seg til bompengefinansiering av E16 Arne- Stanghelle, som tilrådd i det faglege grunnlaget av 29.04.2022 frå Statens vegvesen, med revidert vedtakspunkt 10 og nytt vedtakspunkt 18.

1. Vaksdal kommune sluttar seg til at utbygginga av E16 Arna-Stanghelle i Bergen og Vaksdal kommunar blir delfinansierast med bompengar slik det er føreslege i fagleg grunnlag frå Statens vegvesen.
2. Det blir førebels lagt til grunn 14 827 mill. 2021-kr i styringsramme og 17 163 mill. 2021-kr i kostnadsramme for E16 Arna - Stanghelle. Endeleg rammer blir fastsett etter ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet.
3. I tråd med føresetnadane i Nasjonal transportplan 2022-2033 blir det lagt til grunn at staten bidreg med totalt 11 667 mill. 2021-kr til E16 Arna – Stanghelle inkludert reguleringsplankostnadane.
4. Bompengebidraget er førebels rekna til 3 160 mill. 2021-kr til vegprosjektet.
5. Det er førebels lagt til grunn at utbygginga skjer i åra 2023-2033 med prosjektering i 2023 og anleggstart i 2024.
6. Det er lagt til grunn at bompengeinnkrevjinga startar når vegprosjektet opnar for trafikk på kvar enkelt delstrekning. Det er lagt opp til ein innkrevjingsperiode på 15 år i kvar enkelt bomstasjon.
7. Det blir lagt til grunn innkreving av bompengar i begge retningar i totalt seks automatiske bomstasjonar plassert i kvar ny tunnel på ny veg og på sideveg. Namn på bomstasjonar og plassering er som følger:
 - Tunesfjelltunnelen - plasserast i ny tunnel mellom Arna og Trengereid
 - Kvernhusvika – plasserast på sideveg mellom Arna og Osterøybrua mellom Romslo tunnelen og Risnestunnelen (koordinatar 60.423475, 5.507028)
 - Raudnipatunnelen – plasserast i ny tunnel mellom Trengereid og Vaksdal
 - Rødberg – plasserast på kommunegrensa på sideveg mellom Trengereid og Vaksdal ved Rødberg aust for busstopp (60.439421, 5.634242)
 - Berrfjelltunnelen – plasserast i ny tunnel mellom Vaksdal og Stanghelle (Helle)
 - Skreidi nord – plasserast på sideveg mellom Vaksdal og Stanghelle nord for Skreidi (koordinatar 60.498228, 5.732406)
8. Det blir lagt til grunn at bompengeselskapet kan søke om å sette opp bomstasjon på kommunal veg mellom Osterøybrua og Trengereid etter at innkrevinga er starta, dersom det blir naudsynt for økonomien i prosjektet.
9. Vaksdal kommune sluttar seg til ei gjennomsnittleg inntekt per passering (gjennomsnittstakst) for dette bompengeopplegget på mellom 42 og 49 2021-kr. Det er føresett at gjennomsnittstaksten blir justert i samsvar med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin Byggekostnadsindeks for veganlegg til og med opning av vegen, og deretter med Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeksen (KPI).
10. Det er i berekningane lagt til grunn at grunntakst på sideveg for takstgruppe 1 skal vere 70 prosent av grunntakst for takstgruppe 1 på ny veg. Vaksdal kommune er uroa over usikkerheit i

fordeling av trafikantar mellom ny veg og sideveg, og ønsker at bompengeselskapet kan få ein fleksibilitet i grunntakstar for takstgruppe 1 på sideveg mellom 50-90 prosent av grunntakstar på ny veg dersom trafikken fordelar seg annleis enn berekna. Takstgruppe 2 skal betale den same taksten på ny veg og sideveg.

11. Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2.

12. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 får 50 prosent rabatt av taksten for takstgruppe 1 etter fråtrekk av brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 får 100 prosent rabatt.

13. Det blir lagt til grunn eit passeringstak på 60 passeringar i månaden i kvar enkelt bomstasjon på ny veg og sideveg for takstgruppe 1.

14. Det blir lagt til grunn timesregel i kvar enkelt bomstasjon på sideveg for takstgruppe 1. Trafikantane skal berre betale for ei passering i same bomstasjon innafor ein time.

15. Alle rabattordningar føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

16. Med føreslege takst- og rabattsystem for bompengoopplegget bereknar ein følgjande grunntakstar i kvar bomstasjon i 2021-kr:

- 56 - 65 kr for takstgruppe 1 på ny veg
- 39 – 46 kr for takstgruppe 1 på sideveg
- 112 – 135 kr for takstgruppe 2 både på ny veg og sideveg

17. Kostnadsauke utover prisstigninga opp til kostnadsramma for prosjektet skal dekkjast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Endelege rammer for vegprosjektet blir fastsett i stortingsproposisjonen for prosjektet.

Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er staten sitt ansvar. På same måte skal eventuell kostnadsreduksjon på inntil 10 prosent av styringsramma fordelast mellom bompengar og statlege midlar etter same prosentvise fordeling som for styringsramma. Kostnadsreduksjon ut over 10 prosent blir godskriven staten.

18. Vaksdal kommune er uroa over takstnivået i prosjektet og samla bompengebelastning i området. Vi ber om at staten tek delar av meirkostnaden for E16 Arna – Stanghelle, og at det blir lagt til grunn ei lik prosentvis fordeling mellom statlege midlar og bompengebidrag som i NTP 2022-2033.

Kommunestyret - Sak 58/2022

KOM - Behandling:

Protokollmerknad frå Frp ved Boris Groth, Frp:

Vaksdal FrP beklagar at FrP dessverre ikkje fekk fleirtal for sin alternative Nasjonal transportplan i Stortinget, då denne var utarbeida utan bruk av bompengar for å finansiere vegprosjekt i planen.

Dermed er me i dag i denne saka tvinga til å ta stilling til ein delvis bompengefinansiering av ny E16 Arna-Stanghelle i K5 prosjektet, for å sikre at prosjektet vert realisert snarast råd. Vaksdal FrP har

gjennom heile prosessen sagt me vil, og jobba for å, legge til rette for ei raskast mogleg realisering av K5 prosjektet.

Primært meiner me det burde vore unødvendig å nytte bompengar til å finansiere viktig infrastruktur i landet, og at prosjektet burde vore fullfinansiert av Staten.

Vaksdal FrP vil halde fram å jobbe opp mot eige parti, sentrale myndigheiter og Storting for å redusere, og helst fjerne bompengar frå vegprosjektet.

Kommunestyret drøfta saka.

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke

Tekstkorrigering etter brev frå Statens vegvesen vart samrøystes vedteke.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune sluttar seg til bompengefinansiering av E16 Arne- Stanghelle, som tilrådd i det faglege grunnlaget av 29.04.2022 frå Statens vegvesen, med revidert vedtakspunkt 10 og nytt vedtakspunkt 18.

1. Vaksdal kommune sluttar seg til at utbygginga av E16 Arne-Stanghelle i Bergen og Vaksdal kommunar blir delfinansierast med bompengar slik det er føreslege i fagleg grunnlag frå Statens vegvesen.
2. Det blir førebels lagt til grunn 14 827 mill. 2021-kr i styringsramme og 17 163 mill. 2021-kr i kostnadsramme for E16 Arne - Stanghelle. Endeleg rammer blir fastsett etter ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet.
3. I tråd med føresetnadane i Nasjonal transportplan 2022-2033 blir det lagt til grunn at staten bidreg med totalt 11 667 mill. 2021-kr til E16 Arne – Stanghelle inkludert reguleringsplankostnadane.
4. Bompengbidraget er førebels rekna til 3 160 mill. 2021-kr til vegprosjektet.
5. Det er førebels lagt til grunn at utbygginga skjer i åra 2023-2033 med prosjektering i 2023 og anleggstart i 2024.
6. Det er lagt til grunn at bompengeinnkrevjinga startar når vegprosjektet opnar for trafikk på kvar enkelt delstrekning. Det er lagt opp til ein innkrevjingsperiode på 15 år i kvar enkelt bomstasjon.
7. Det blir lagt til grunn innkreving av bompengar i begge retningar i totalt seks automatiske bomstasjonar plassert i kvar ny tunnel på ny veg og på sideveg. Namn på bomstasjonar og plassering er som følger:

- Tunesfjelltunnelen - plasserast i ny tunnel mellom Arna og Trengereid
- Kvernhusvika – plasserast på sideveg mellom Osterøybrua og Trengereid mellom Romslotunnelen og Risnestunnelen (koordinatar 60.423475, 5.507028)
- Raudnipatunnelen – plasserast i ny tunnel mellom Trengereid og Vaksdal
- Rødberg – plasserast på kommunegrensa på sideveg mellom Trengereid og Vaksdal ved Rødberg aust for busstopp (60.439421, 5.634242)
- Berrfjelltunnelen – plasserast i ny tunnel mellom Vaksdal og Stanghelle (Helle)

- Skreidi nord – plasserast på sideveg mellom Vaksdal og Stanghelle nord for Skreidi (koordinatar 60.498228, 5.732406)

8. Det blir lagt til grunn at bompengeselskapet kan søke om å sette opp bomstasjon på kommunal veg mellom Osterøybrua og Trengereid etter at innkrevinga er starta, dersom det blir naudsynt for økonomien i prosjektet.

9. Vaksdal kommune sluttar seg til ei gjennomsnittleg inntekt per passering (gjennomsnittstakst) for dette bompengelopplegget på mellom 42 og 49 2021-kr. Det er føresett at gjennomsnittstaksten blir justert i samsvar med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin Byggekostnadsindeks for veganlegg til og med opning av vegen, og deretter med Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeksen (KPI).

10. Det er i berekningane lagt til grunn at grunntakst på sideveg for takstgruppe 1 skal vere 70 prosent av grunntakst for takstgruppe 1 på ny veg. Vaksdal kommune er uroa over usikkerheit i fordeling av trafikantar mellom ny veg og sideveg, og ønsker at bompengeselskapet kan få ein fleksibilitet i grunntakstar for takstgruppe 1 på sideveg mellom 50-90 prosent av grunntakstar på ny veg dersom trafikken fordelar seg annleis enn berekna. Takstgruppe 2 skal betale den same taksten på ny veg og sideveg.

11. Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2.

12. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 får 50 prosent rabatt av taksten for takstgruppe 1 etter fråtrekk av brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 får 100 prosent rabatt.

13. Det blir lagt til grunn eit passeringstak på 60 passeringar i månaden i kvar enkelt bomstasjon på ny veg og sideveg for takstgruppe 1.

14. Det blir lagt til grunn timesregel i kvar enkelt bomstasjon på sideveg for takstgruppe 1. Trafikantane skal berre betale for ei passering i same bomstasjon innafor ein time.

15. Alle rabattordningar føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

16. Med føreslege takst- og rabattsystem for bompengelopplegget bereknar ein følgjande grunntakstar i kvar bomstasjon i 2021-kr:

- 56 - 65 kr for takstgruppe 1 på ny veg
- 39 – 46 kr for takstgruppe 1 på sideveg
- 112 – 135 kr for takstgruppe 2 både på ny veg og sideveg

17. Kostnadsauke utover prisstigninga opp til kostnadsramma for prosjektet skal dekkjast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Endelege rammer for vegprosjektet blir fastsett i stortingsproposisjonen for prosjektet.

Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er staten sitt ansvar. På same måte skal eventuell kostnadsreduksjon på inntil 10 prosent av styringsramma fordelast mellom bompengar og statlege midlar etter same prosentvise fordeling som for styringsramma. Kostnadsreduksjon ut over 10 prosent blir godskriven staten.

18. Vaksdal kommune er uroa over takstnivået i prosjektet og samla bompengebelastning i området.

Vi ber om at staten tek delar av meirkostnaden for E16 Arna – Stanghelle, og at det blir lagt til grunn ei lik prosentvis fordeling mellom statlege midlar og bompengebidrag som i NTP 2022-2033.

Saksopplysningar:

Statens vegvesen har i brev av 29.04.22 oversendt fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering av E16 Arne-Stanghelle til lokal politisk behandling. Vegvesenet har førehandsgodkjend innhaldet i grunnlaget.

Ved lokal tilslutning til delvis bompengefinansiering av prosjektet, vil Statens vegvesen sende reguleringsplan, finansieringsutrekningar og andre styringsdokument til ekstern kvalitetssikring (KS2) i Samferdsledepartementet. Gjennomført KS2 er ein føresetnad for å kunne få finansieringsavgjerd på større samferdsleprosjekt. Dersom KS2 startar opp etter sommaren vil det kunna utarbeidast eit proposisjonsforslag for vidare behandling med endeleg stortingsvedtak innan 2023.

E16 Arna- Stanghelle er eit sjølvstendig bompengeprojekt. Det vert lagt til grunn at det regionale bompengeselskapet (Ferde AS i dag) får i oppdrag å finansiere bompengedelen i prosjektet. Selskapet finansierer utbetalingar i byggeperioden ved låneopptak. Når prosjektet vert opna for trafikk, vert lånet tilbakebetalt i form av bompengar.

Bakgrunn for saka

Fellesprosjektet Vossebana og E16 Arna – Stanghelle er eit samarbeidsprosjekt mellom Statens vegvesen og Bane NOR. Prosjektet er prioritert med oppstart i første periode av nasjonal transportplan 2022-2033 (NTP). Det omfattar ny veg og bane mellom Arna i Bergen kommune og Stanghelle i Vaksdal kommune. Statleg reguleringsplan vart godkjent av Kommunal- og distriktsdepartementet 1.april 2022. Byggestart er planlagt i 2024.

I NTP er kostnadene for E16 Arna – Stanghelle rekna til 13 687 mill. 2021-kr ekskludert reguleringsplankostnader. Det er sett av 11 487 mill. 2021-kr i statlege midlar og ein føresetnad om delvis bompengefinansiering av prosjektet. Bompengebidraget er rekna til 2 200 mill. 2021-kr.

Jernbana vert fullfinansiert med statlege midlar, og er derfor ikkje særskilt aktuell for utgreiingsarbeidet for delvis bompengefinansiering. Samtidig vil det vere fleire avhengigheiter mellom veg- og baneutbygging der finansiering må avklarast nærare.

Kommunestyret i Vaksdal vedtok 14. desember 2021, sak [114/2021](#), å gje si tilslutning til oppstart av utgreiing av delvis bompengefinansiering av ny E16 Arna- Stanghelle. Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

«Vaksdal kommune gjev si tilslutning til at Statens vegvesen startar utreiing av delvis bompengefinansiering av ny E16 Arna- Stanghelle, basert på dei opplysningane som kjem fram i førehandsvurderingar/moglegheitsstudiet av 10.09.21.

- *Vaksdal kommune ber om at innkrevjingsstudiet tek høgde for stor del fossilfrie køyretøy og låg trafikkvekst*
- *Vaksdal kommune ber om at vidare utgreiingar får ei brei vurdering av takstnivå,*

*verknader av bom på sideveg og eit system for «timesregel» som vert oppfatta rettvist.
Vaksdal kommune ber om vurdering av månadstak for takstgruppe 1 for sideveg,
eller rom for eventuell stenging av sidevegar for gjennomgangstrafikk.*

*Vaksdal kommune ønskjer å medverke i det vidare utgreiingsarbeidet for delvis
bompengefinansiering av ny E16 Arna- Stanghelle.»*

Etter prinsippvedtaket har kommunedirektør Atle Fasteland delteke i arbeidsgruppe med Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og Bergen kommune. Gruppa har særleg arbeidd med rabattordningar og forslag til vedtaksformuleringer.

Det er nødvendig med likelydande lokale vedtak for at Stortinget kan fatte vedtak om proposisjon i samsvar med dei lokale prioriteringane. Lokale og nasjonale vedtak kan ikkje stå i motstrid til kvarandre. For å sikre den vidare framdrifta tilrår vegvesenet vedtakskommunane om å slutte seg til og akseptere tilrådingane i det faglege grunnlaget.

Nytt kostnadsoverslag

I april 2022 vart det gjennomført ein nytt kostnadsoverslag for fellesprosjektet og dette er noko høgare enn dei utrekna kostnadene i NTP. I utgreiinga vert dette lagt til auka sum for bompengerekkjeving. Statens vegvesen skriv følgjande:

«Dersom det statlege bidraget til E16 Arna - Trengereid ligg fast i høve NTP 2022-2033, manglar det 3 160 mill. 2021-kr til å fullfinansiere prosjektet. Det er ikkje avklara kor vidt det skal vere ei kostnadsdeling av meirkostnadane mellom statlege midlar og bompengar. Vi legg derfor til grunn at det statlege bidraget på 11 667 mill. 2021-kr ligg fast i det faglege grunnlaget til lokalpolitisk behandling..»

Det betyr at beløpet for bompengerekkjeving aukar med 960 mill. 2021-kr, frå 2200 mill. til 3160 mill. 2021-kr.

Plassering av bom

Tilrådd plassering og tal bomstasjonar samsvarar med kommunestyret sitt tidlegare prinsippvedtak. Det tilrådde bompengerekkjeving sørger for at trafikantane betalar for den delstrekninga som dei nyttar, jamfør Statens vegvesen sin illustrasjon av bompengerekkjevinga:



Innkevjingstida vil vere 15 år frå innkrevinga byrjar på kvar av delstrekninga. Dersom ein bygger i samsvar med tildelingar i NTP, vil Arna-Trengereid opne i 2031 og resten av strekningar i 2035.

Statens vegvesen skisserer ei alternativ løysing med kortare byggetid. Dersom ein startar å bygge veg og bane samtidig i 2024 kan heile prosjektet opne om lag samtidig i 2033. Bompengestasjonar vert føresett sett i drift frå opningstidspunktet på dei einskilde delstrekningane. Finansiering- og byggeplan må avklarast innan prosjektet vert lagt fram for stortingsbehandling.

Dersom det vert gjort store endringar i bompengelopplegget etter vedtak av Stortingsproposisjonen, vil det krevje ny stortingsbehandling. Statens vegvesen peiker på to moglege endringar av bompengelopplegget som likevel kan løysast ved omtale i det faglege grunnlaget:

1. Stenging av sidevegar mellom Trengereid og Stanghelle. Vaksdal har gjort vedtak på at det bør vurderast å stenge dagens E16 for gjennomgangstrafikk. Statens vegvesen har starta ei utgreiingsarbeid på dette. Dersom ei veglenke på sideveg vert fjerna, forsvinn samtidig tilhøyrande bomstasjon. Statens vegvesen vurderer at fråvær av innkevjingskorstander vil kunna vege opp for tapte bompengeinntekter.
2. Eventuell etablering av bomstasjon på den kommunale Risnesvegen mellom Osterøybrua og Trengereid. Dette er ein einfeltsveg med møteplassar av låg standard. Statens vegvesen vurderer at gjennomgangstrafikken vil vere lav utan bomstasjon, med tilrår i vedtakspunkt 8 at bompengeselskapet seinare kan avgjere om det er behov for å etablere bomstasjon på Risnesvegen med omsyn til økonomien i bompengeprojektet.

Takst og rabattsystem

Vedtakskommunane skal slutta seg til ein gjennomsnittstakst (gjennomsnittleg inntekt pr passering) som skal vedtakast av Stortinget. I det faglege grunnlaget er det rekna ut ei snitttakst på 42,8 kr-2021 med ei døgntrafikk (ÅDT) på 21 230 gjennom bomstasjonane.

Det vert lagt til grunn eit spenn på 42-49 kr-2021 i gjennomsnitt for å ta høgde for eventuelle endringar som kan komme i samband med KS2. Statens vegvesen tilrår at det vert gjort lokale vedtak for dette spennet i snitttakst for at saka ikkje må tilbake til lokalpolitisk behandling.

Gjennomsnittstaksten vil bli prisjustert med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin byggekostnadsindeks for veganlegg fram til bompengerevjuvinga byrjar. Deretter skal SSB sin konsumprisindeks nyttast (KPI) Takstane vil bli evaluert og eventuelt justert i forkant av oppstart av innkrevjinga når den endelege kostnaden er kjent. Ny evaluering vil skje eit til to år etter innkrevjingsstart når trafikktalet er kjente.

Trafikantane vert delt inn i to takstgrupper med utgangspunkt i køyretøyets vekt:

- **Takstgruppe 1** omfattar lette køyretøy med tillat totalvekt til og med 3 500 kg og køyretøy i køyretøygruppe M1. M1 er bilar for persontransport med maksimum åtte sitteplassar i tillegg til førarsetet og omfattar busar, campingbilar og nokre større personbil.
- **Takstgruppe 2** er alle køyretøy over 3 500 kg ekskl. køyretøy i køyretøygruppe M1.

Grunntakstane for takstgruppe 1 og 2 er avhengig av eventuelle rabatter. Det vert lagt opp til at nullutsleppskøyretøy får rabatt opp til 50 % etter brikkerabatt i takstgruppe 1. Takst for takstgruppe 2 vil vere det dobbelte av taksten for takstgruppe 1. Det vert ikkje gjeve rabatt for fossile køyretøy i takstgruppe 2. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 passerer gratis.

Statens vegvesen foreslår ein grunntakst for takstgruppe 1 på sideveg på 70 % av grunntaksten på ny veg, mens takstgruppe 2 betaler same takst på ny veg og sideveg (E16 er ein del av TEN-T vegnettet og er omfatta av Euvignett-direktivet som forbyr bruk av rabattordningar i bomstasjonar som favoriserer lokalt næringsliv).

Det går fram av det faglege grunnlaget at det er knytt stor usikkerheit til korleis trafikken vil fordele seg mellom ny veg og sideveg men ein ser at bomstasjonar på sideveg er nødvendig for å hindre trafikklekkasje frå ny veg. Vegvesenet vurderer at det vil vere ei urimeleg belastning for buande langs kvar strekning som berre nytter deler av sidevegane, å måtte betale for fleire passeringar i same bomstasjon for kortare ærend. Statens vegvesen tilrår derfor timesregle for kvar enkelt bomstasjon på sideveg for takstgruppe 1. Trafikantane vil då kun betale for ei passering i den same bomstasjonen innanfor ein time.

Statens vegvesen tilrår passeringstak for takstgruppe 1 på 60 passeringar i månaden for kvar einskild bomstasjon. Dette vil i hovudsak dagpendlarar som også passerer bomstasjon for fritidsaktivitetar. Passeringstaket gjeld for kvar einskild stasjon, slik at om ein passerer 60 gongar på sideveg, så kan man ikkje kjøre ny veg gratis resten av månaden.

Tabellen under viser ei grov utrekning på bompengetakstar for kvar einskild bomstasjon:

Tabell 9 Berekna grunntakstar for takstgruppe 1 på sideveg og ny veg for å oppnå gjennomsnittstakst på 42-49 kr (2021-kr)

Gjennomsnittstakst	Sideveg (70 pst. grunntakst)			Ny veg		
	Takstgruppe 1			Takstgruppe 1		
	Fossilbil	Fossilbil med rabatt	Nullutslepp	Fossilbil	Fossilbil med rabatt	Nullutslepp
42 - 49 kr	39 – 46 kr	31 - 37 kr	16 - 19 kr	56 – 65 kr	45 - 52 kr	22 - 26 kr

Totalt vil ein fossilbil i takstgruppe 1 betale 93 kr for å køyre heile strekninga Arna - Stanghelle på sideveg, og 135 kr på ny veg med rabattar.

Følgande føresetnadar er lagt til grunn:

- Timesregel i bomstasjonar på sideveg utgjer 2 prosent av passeringane
- Passeringstak på 60 passeringar utgjer 1 prosent av passeringane
- Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 utgjer 40 prosent av trafikken på ny veg og 50 prosent på sideveg
- Delen tunge køyretøy utgjer mellom 15,3 og 17,1 prosent på ny veg

Nytt kostnadsoverslag og fordeling mellom statlege midlar og bompengar

Som tidlegare nemnd førte nye utrekningar til høgare kostnader enn skissert i NTP. Det statlege bidraget i NTP er uendra og statens vegvesen foreslår å ta heile kostnadsauken med bompengar, då kostnadsdeling av meirkostnadene mellom statlege midlar og bompengemidlar ikkje var avklart ved ferdigstilling av det faglege grunnlaget. Endeleg styringsramme og kostnadsramme for prosjektet blir bestemt etter KS2 i samband med stortingsbehandling av prosjektet.

I det faglege grunnlaget har Statens vegvesen synleggjort korleis bompenggeopplegget ville sett ut dersom ein låg den prosentvise fordelinga i NTP mellom statlege midlar og bompengar (83,9 vs. 16.1%) til grunn. Staten vil i eit slikt alternativ bidra med ca. 12 293 mill. 2021-kr, medan bompenggebidraget blir 2 354 mill. 2021-kr. Då ville gjennomsnittstaksten blir redusert til 31-38 2021-kr, Grunntekstar for takstgruppe 1 vil vere ca 45-50 kr på ny veg og 29-35 2021-kr på sideveg med dei same føresetnader for rabattar som skissert over.

Statens vegvesen sitt forslag til lokalpolitisk vedtak:

«Statens vegvesen har følgjande tilrådingar for likelydande vedtak til lokalpolitisk behandling, basert på dette faglege grunnlaget for delvis bompengefinansiering:

1. [Kommunestyret/Bystyret/Heradsstyret/Fylkestinget] sluttar seg til at utbygginga av E16 Arna-Stanghelle i Bergen og Vaksdal kommunar blir delfinansierast med bompengar slik det er

føreslege i fagleg grunnlag frå Statens vegvesen.

2. Det blir førebels lagt til grunn 14 827 mill. 2021-kr i styringsramme og 17 163 mill. 2021-kr i kostnadsramme for E16 Arna - Stanghelle. Endeleg rammer blir fastsett etter ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet.

3. I tråd med føresetnadane i Nasjonal transportplan 2022-2033 blir det lagt til grunn at staten bidreg med totalt 11 667 mill. 2021-kr til E16 Arna – Stanghelle inkludert reguleringsplankostnadane.

4. Bompengebidraget er førebels rekna til 3 160 mill. 2021-kr til vegprosjektet.

5. Det er førebels lagt til grunn at utbygginga skjer i åra 2023-2033 med prosjektering i 2023 og anleggstart i 2024.

6. Det er lagt til grunn at bompengerevninga startar når vegprosjektet opnar for trafikk på kvar enkelt delstrekning. Det er lagt opp til ein innkrevjingsperiode på 15 år i kvar enkelt bomstasjon.

7. Det blir lagt til grunn innkreving av bompengar i begge retningar i totalt seks automatiske bomstasjonar plassert i kvar ny tunnel på ny veg og på sideveg. Namn på bomstasjonar og plassering er som følger:

- Tunesfjelltunnelen - plasserast i ny tunnel mellom Arna og Trengereid*
- Kvernhusvika – plasserast på sideveg mellom Arna og Osterøybrua mellom Romslo tunnelen og Risnestunnelen (koordinatar 60.423475, 5.507028)*
- Raudnipatunnelen – plasserast i ny tunnel mellom Trengereid og Vaksdal*
- Rødberg – plasserast på kommunegrensa på sideveg mellom Trengereid og Vaksdal ved Rødberg aust for busstopp (60.439421, 5.634242)*
- Berrfjelltunnelen – plasserast i ny tunnel mellom Vaksdal og Stanghelle (Helle)*
- Skreidi nord – plasserast på sideveg mellom Vaksdal og Stanghelle nord for Skreidi (koordinatar 60.498228, 5.732406)*

8. Det blir lagt til grunn at bompengeselskapet kan søke om å sette opp bomstasjon på kommunal veg mellom Osterøybrua og Trengereid etter at innkrevninga er starta, dersom det blir naudsynt for økonomien i prosjektet.

9. [Kommunestyret/Bystyret/Heradsstyret/Fylkestinget] sluttar seg til ei gjennomsnittleg inntekt per passering (gjennomsnittstakst) for dette bompengelopplegget på mellom 42 og 49 2021-kr. Det er føresett at gjennomsnittstaksten blir justert i samsvar med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin Byggekostnadsindeks for veganlegg til og med opning av vegen, og deretter med Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeksen (KPI).

10. Det er i berekningane lagt til grunn at grunntakst på sideveg for takstgruppe 1 skal vere 70 prosent av grunntakst for takstgruppe 1 på ny veg. Takstgruppe 2 skal betale den same taksten på ny veg og sideveg.

11. Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2.

12. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 får 50 prosent rabatt av taksten for takstgruppe 1 etter fråtrekk av brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 får 100 prosent rabatt.

13. Det blir lagt til grunn eit passeringstak på 60 passeringar i månaden i kvar enkelt bomstasjon på ny veg og sideveg for takstgruppe 1.

14. Det blir lagt til grunn timesregel i kvar enkelt bomstasjon på sideveg for takstgruppe 1. Trafikantane skal berre betale for ei passering i same bomstasjon innafør ein time.

15. Alle rabattordningar føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

16. Med føreslege takst- og rabattsystem for bompengelopplegget bereknar ein følgjande grunntakstar i kvar bomstasjon i 2021-kr:

- 56 - 65 kr for takstgruppe 1 på ny veg*
- 39 – 46 kr for takstgruppe 1 på sideveg*
- 112 – 135 kr for takstgruppe 2 både på ny veg og sideveg*

17. Kostnadsauke utover prisstigninga opp til kostnadsramma for prosjektet skal dekkjast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Endelege rammer for vegprosjektet blir fastsett i stortingsproposisjonen for prosjektet.

Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er staten sitt ansvar. På same måte skal eventuell kostnadsreduksjon på inntil 10 prosent av styringsramma fordelast mellom bompengar og statlege midlar etter same prosentvise fordeling som for styringsramma. Kostnadsreduksjon ut over 10 prosent blir godskriven staten.»

I tillegg fremjar Statens vegvesen forslag til eigne vedtakspunkt om lånegaranti som berre gjeld fylkeskommunen (Punkt 18-20).

Vurdering og konsekvensar

Fellesprosjekt Vossabana og E16 Arna -Stanghelle er eit særskilt viktig samferdsleprosjekt for Vaksdal kommune. Kommunen er særskilt oppteken av å sikre rask realisering av fellesprosjektet for å forbetre trafikktryggleiken og framkomst på hovudtransportkorridoren mellom aust og vest.

Kommunen er såleis positiv til det alternative utbyggingsopplegget som vert trekt fram i grunnlaget med kortare byggetid og samtidig opning av veg og bane rundt 2033. At den mest rasutsette delstrekningane vert realisert først vert sett på som ein fordel. Kommunen legg til grunn at Statens vegvesen vil arbeide vidare med dette utbyggingsalternativet fram mot KS2.

Bompenggebidraget for vegprosjektet har auka monaleg sidan kommunestyret gjorde sitt prinsippvedtak om utgreiingsarbeid for delvis bompenggefinansiering. Tilrådd kostnadsfordeling mellom statleg bidrag og bompenggebidrag samsvarar ikkje med kostnadsfordelinga i NTP. Det er prinsipielt uheldig at det statlege organet Statens vegvesen søker lokalpolitisk forankring til finansiering av eit statleg vegprosjekt utan avklaring om korleis staten stiller seg til meirkostnadene. Kommunestyret vert no pressa til å akseptere at heile kostnadsauke må dekkast med bompengar for å sikre vidare framdrift. Samtidig har kommunen forståing for at det faglege grunnlaget vert sendt no

slik at ein kan rekke tentativ byggestart i 2024. Kommunestyret må setje som føresetnad at det vert ytterlegare dialog mellom stat og vedtakskommunar om prosjektfinansieringa framover, i høve til vedtakspunkt 2 og ordlyden «førebeis» i vedtakspunkt 4.

Første gang kommunedirektøren fekk presentert nye kostnadsoverslag for fellesprosjektet var i april. Kostnader for vegdelen hadde auka med 960 mill. 2021-kr, medan jernbana hadde blitt redusert med om lag 3200 mill. 2021-kr. Med foreslått finansieringsopplegg går dei statlege bidraga til fellesprosjektet ned, medan bompengbidraget aukar for å dekke heile meirkostnaden til veg. Kommunedirektøren meiner derfor at det ikkje er rimeleg at heile kostnadsauke på veg vert teke med bompengbidrag og foreslår eit vedtakspunkt nr 18, likelydande med Bergen kommune sitt forslag:

18. Vaksdal kommune er uroa over takstnivået i prosjektet og samla bompengbelastning i området. Vi ber om at staten tek delar av meirkostnaden for E16 Arna – Stanghelle, og at det blir lagt til grunn ei lik prosentvis fordeling mellom statlege midlar og bompengbidrag som i NTP 2022-2033.

Vaksdal kommune ønskjer å komme i gang med prosjektet så snart som råd og vi er derfor villig til å akseptere at meirkostnader kan dekkast av bompengar, men punkt 18 er Vaksdal kommune sitt klare syn og forventning om korleis kostnadsfordelinga bør fastsetjast i endeleg Stortingsproposisjon. Jamfør Hurdalsplattformen, då regjeringa skal prioritere opprusting av stamvegane øst-vest og hovudvegar med høg rasfare.

Statens vegvesen uttrykkjer usikkerheit knytt til trafikkutrekningar og korleis trafikken vil fordele seg mellom ny veg og sideveg. Finansieringsopplegget for ny E16 vil ikkje tole at dagens E16 Arna-Trengereid vert for attraktiv. Kommunedirektøren ønskjer at bompengeselskapet skal få fleksibilitet i fastsetjing av grunntakstar for takstgruppe 1 på sideveg for å kunne møte ein situasjonen der trafikantane i større grad enn forventa nyttar seg av sidevegnettet og foreslår eit revidert vedtakspunkt 10, likelydande med Bergen kommune sitt forslag:

10. Det er i berekningane lagt til grunn at grunntakst på sideveg for takstgruppe 1 skal vere 70 prosent av grunntakst for takstgruppe 1 på ny veg. Vaksdal kommune er uroa over usikkerheit i fordeling av trafikantar mellom ny veg og sideveg, og ønsker at bompengeselskapet kan få ein fleksibilitet i grunntakstar for takstgruppe 1 på sideveg mellom 50-90 prosent av grunntakstar på ny veg dersom trafikken fordelar seg annleis enn berekna. Takstgruppe 2 skal betale den same taksten på ny veg og sideveg.

Vaksdal kommune har forventningar om innføring av rabattordning på sidevegsnettet, slik som månadstak og timesreglar og opplegget skissert i det faglege grunnlaget er innanfor eit akseptabelt nivå.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret sluttar seg til delvis bompengefinansiering av E16 Arna-Stanghelle, slik det er tilrådd i Statens vegvesen sitt faglege grunnlag av 29.04.2022, med revidert vedtakspunkt 10 og nytt vedtakspunkt 18.